

Hordaland Fylkeskommune

2 MAR 2015

Opplæringsavdelinga  
v/ Birthe Haugen

Vår ref.29/526-HAAS

Dykkar ref.:

Stord 27.02.2015

### **Auka arealbehov på avdeling for tilrettelagt opplæring HTH ved Stord vidaregåande skule**

Elevane som er knytt til kvardagsliv HTH, held til i 1. etasje i B-blokka. Det er ei godt fungerande, og godt utstyrt avdeling på mange områder. Men skulen ynskjer å synleggjera at det er for lite areal til å dekke dei opplæringsbehova elevgruppa har, særleg med omsyn til skjerming, lyd og åtferd.

Stord vidaregåande skule er i skulebruksplanen omtalt å vera ein knutepunktskule for kvardagslivstrening. Det ynskjer me å vera knytt til kompetanse og det å ha ei funksjonell opplæringa for elevar med spesielle behov.

Skuleåret 2015/16 vil, så langt me kjenner til, gje oss meir arealkrevjande elevar, noko som vil løyse ut trong for meir skjerming enn me til no har hatt. Det er snakk om skjerming knytt til lyd og åtferd, og eige rom for å kunne ta imot læring. Me ser og at behovet for 2:1, dvs to vaksne på ein elev aukar. Dette fører til at organiseringa vert utfordrande og det vert krevjande å skape eit godt læringsmiljø.

Me ser store utfordringar i det å organsera opplæringa på ein god måte på eit så lite areal, med dei utfordringane me har i elevgruppa. Kvar gong ein skal gjere ein aktivitet, må ein omorganisere opphaldsromma, og det er lite skjerna for lyd mellom opphaldsrom og elevrom. Hausten 2016 kjem ein elev med eit opplæringsbehov me vil ha vanskar med å kunne møte på ein god måte. Me er i gang med opplæring for personalet som skal møte denne eleven og slik me kjenner eleven vil det vere trong for skjerming/sanserom og areal til spesiell fysisk aktivitet (takskinne til gåsegl).



# STORD VIDAREGÅANDE SKULE

HORDALAND FYLKESKOMMUNE


Slik skulen ser behova framover er det viktig at skjerming knytt til åtferd og opplæring, samt sanserom knytt til sansestimulering vert prioritert, for å ivareta eit godt psykososialt skulemiljøet for elevane og arbeidsmiljø for dei tilsette.

Gruppa som driv kvardagslivstrening har dei siste åra nytta seg av garden til ei tilsett på avdelinga. Der har skulen fått etablere ein liten uteskule, samt nytte eit eldre hus som treningshybel/leilegheit for både kvardagsliv og arbeidslivsgruppene. Dette må sjåast på som eit midlertidig tilbod då ho som låner garden og huset sitt er ein senior.


Skulen ynskjer ei vurdering av dei lokala som vart nytta som RE-avdeling tidlegare, 1. etasje i A-blokka. Disse lokala vart stengt for undervisning, grunna sopp og mugg då gruppene vart flytta til nytt bygg i 2010. Skulen ser føre seg at å renovera 1. etasje i A-blokka, og gjere den i stand til opplæring, vil gje HTH-gruppene følgjande; ein liten øvingshybel ca 50 kvadrat, skjerma arbeidsrom 27 kvadrat, sanserom 15,5 kvadrat og eit formingsrom/verkstad 60 kvadrat Dette ville dekke dei opplæringsbehova me ser framover. Det vil vere kort avstand til hovudavdelinga, arealet ligg på bakkeplan noko som er ein stor fordel med tanke på beredskap og tryggleik for denne elevgruppa.

Stord vidaregåande skule håpar opplæringsavdelinga vurderer dette som ei god løysing, og at det vert gjort ei vurdering av bygningsmassen med tanke på rehabilitering. Skulen ynskjer å kome i dialog med opplæringsavdelinga for å drøfte situasjonen rundt arealbehovet for denne elevgruppa.

Vennleg helsing

  
Astrid O. Haugland

- Rektor-

  
Ellen Strandenes

- Avd.leiar-

Kopi:

Ivar Olsen -Eigedomsavdelinga

Petter Tønjum - Opplæringsavdelinga